

Retningslinjer for kommunal næringsstøtte til føretak og tiltak i Nissedal

Vedtatt i Nissedal kommunestyre 31.03.2022 – PS 16/22

Revidert i Nissedal formannskap 01.02.2024 – PS 5/24

For å stimulere til vidare næringsutvikling i Nissedal, vil kommunen etter politisk vurdering gi økonomisk støtte til føretak eller tiltak. Retningslinjene er tufta på vedtektene til Nissedal kommunale næringsfond.

Rammer:

- Søknaden må gi utfyllande informasjon om føretaket/tiltaket.
- Søkar må syne korleis stønaden er tenkt bruka.
- Det er ønskeleg at føretaket/tiltaket er med på å etablere eit nytt tilbod som ikkje er i kommunen frå før.
- Søkar må leggje fram ei marknads- og økonomianalyse. Den økonomiske analysen må også innehalde eit investerings- og likviditetsbudsjett og finansieringsplan.
- Søkar må kunne syne til og dokumentere nok eigenkapital.
- Støtte kan som hovudregel vere inntil 50 % av kapitaltrong.
- Nyetableringar kan få inntil 75 % støtte.
- Søkar pliktar å opplyse om søkar tidlegare har mottatt eller fått tilsegn om annan finansiell støtte til føretaket/tiltaket.
- Tilskotet må vere i tråd med gjeldande EØS-reglar for bagatellmessig støtte. Samla offentleg støtte kan ikkje overstige kr 400 000 over ein periode på 3 rekneskapsår.
- Ein må i saksutgreiinga vurdere om føretaket/tiltaket vil/kan bidra til etablering av nye arbeidsplassar i privat sektor i Nissedal.

Følgjande vil/kan bli vurdert når søknaden blir handsama:

- Om føretaket/tiltaket vil føre til auka verdiskaping og sysselsetting i Nissedal.
- Om føresetnadar, planar og budsjett er realistiske.
- Om føretaket/tiltaket er i tråd med FNs mål om berekraft.
- Innovasjonsgraden til føretaket vil sjåast på som positivt.
- Om støtta er avgjerande for realisering av føretaket/tiltaket, vil sjåast som positivt.

Retningslinjer for kommunal støtte til føretak og tiltak i Nissedal.
Vedtatt i Nissedal kommunestyre 31.03.2022 – PS 16/22.

- For store verksemdar må støtta også bidra til endring i omfang, storleik, gjennomføringstempo eller ressursallokering som ikkje ville skjedd utan støtta.
- Om føretaket har evne til å gjennomføre planane og utnytte resultata av det.
- Konkurranseevna til føretaket.
- Relasjonen til eventuelle samarbeidspartnarar som er kritiske for eksistensen og leveringsevna til føretaket - eller som skal bidra med kompetanse eller finansiering i tiltaket/prosjektet.
- Tryggleik for lån og føretakets evne til å betene gjeld.

Det blir ikkje gitt tilskot til:

- Innkjøp av varelager og investeringar i lett omsettelege varer.
- Transportmiddel, firmabilar og vedlikehald av desse.
- Private planprosessar.
- Aksjekjøp, emisjon eller medlemstilskot i andre organisasjonar.

Utbetaling:

1. Når det i prosjektet har påløpt meir enn halvparten av budsjetterte kostnader, kan halvparten av løyvd tilskot utbetalast. Påløpte kostnader skal dokumenterast og stadfestast av godkjent rekneskapsfører.
2. Når tiltaket er gjennomført, skal det leverast ein sluttrapport stadfesta av godkjent rekneskapsfører.
3. Tilskotet blir utbetala høvesvis etter godkjent rekneskap, likevel ikkje utover vedtatt tilsegnsbetrag.
4. Om ikkje tilskotet er oppmoda utbetala i samsvar med vedtak som ligg til grunn for løyvinga innan 2 år frå vedtaksdato, vil tilskotet automatisk falle bort. Det kan søkast om utsetting. Søknad om utsetting må vera velgrunna og sendast til Nissedal kommune seinast 2 månader før fristen gjeng ut.
5. Føretaket/tiltaket som har mottatt tilskot, får ei bindingstid i Nissedal kommune på 3 år. Rekneskap for drifta skal vera tilgjengeleg for Nissedal kommune gjennom heile bindingstida.
6. Dersom føretaket avviklar eller flyttar frå kommunen før bindingstida er ute – eller støtta blir bruka i strid med føresetnadene - pliktar mottakar å betale tilbake heile eller delar av tilskotet etter avtale med kommunen.